



## DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

### Særutskrift for Radøy sokneråd Møte 2011/5

**Tid: 27. august 2014 kl. 18:00 – 21:00**

---

Radøy sokneråd har i møte den 27. august 2014 hatt fylgjande sak til drøfting:

18/2014 (F) Sikring av Manger kyrkje.

#### **UTGREIING**

Noverande Manger kyrkje vart tatt i bruk i 1891. Dokument frå Manger sokneråd syner at det allereie under bygginga var mange diskusjonar rundt konstruksjonen. Kyrkja fekk tidleg ei helling mot aust som har vore relativ stabil gjennom lang tid.

I 2001 og 2006 vart det gjort registrering av loddavvik for vegger og søyler samt horisontalavvik for golv. Det vart registrert sideveis avvik men ingen setningar i grunnen.

I februar 2014 førte knakelydar i bygget og ein 2 cm sprekk i golvet på galleriet til at det kom uromeldingar frå dei tilsette om tilstanden til kyrkja. Soknet tok kontakt med Akasia som etter synfaring og målingar på bygget avla rapport 24.02.2014. Det vart også tilrådd ny synfaring med eit firma med spesialkompetanse på laftekonstruksjonar. Det er gjort befaring og gjeve rapport frå firmaet "Gamle 3hus".

Målingane syner at bygget i perioden 2006 til 2014 i snitt har kome 23,8 mm ytterlegare ut av lodd. På det meste har kyrkja no eit loddavvik på 220 mm målt på austre langvegg. Dette er svært urovekkande og det er naudsynt å setja i gang tiltak for å stoppe rørsle sideveis. Vi risikerer at kyrkja vert ubrukeleg, anten grunna ytterlegare rørsle i konstruksjonen eller grunna usikkerhet knytta til stabiliteten.

Rapportane konkluderer med at bygget er for dårlig avstiva og at det hastar med å gjera tiltak for å stoppe utviklinga. Det synest også dokumentert at grunnforholda er stabile og at bygget ikkje har råteskadar som har samanheng med at kyrkja har eit stort loddavvik. Dette er positivt.

---

Soknet har vidare i april 2014 engasjert Akasia for å utarbeide eit forprosjekt for å projektere ei løysing for stabilisering og avstiving av kyrkja. Akasia har no lagt fram forslag til oppretting og stabilisering av kyrkja, sjå eige vedlegg. Representantar for Akasia vil vera til stades på møtet for å presentere korleis dei meiner at kyrkja skal rettast opp og sikrast.

Manger kyrkje er listeført. Endringar av bygget må derfor godkjennast av Biskopen i Bjørgvin og drøftast med Riksantikvaren.

Den prosjekterte løysinga går kort ut på å trekke kyrkja tilbake og avstive bygget med stålavstuttingar i tak og gavlveggar. I arbeidsperioden kan det ikkje vera aktivitet i kyrkja. Ein del av gravplassen må også stengast.

Det er uheldig at kyrkja kanskje må stengjast for ein lengre periode, men det er ikkje tilrådeleg å venta med arbeidet føresett at dei nødvendige godkjenningar gjevne og finansieringa er avklåra.

Det er allereie knytta usikkerheit til bygget og bruk gjennom vinteren med mykje vind kan opplevast utrygt både for tilsette og publikum. Tryggleiken må koma først og bygget bør ikkje nyttast dersom det er reell fare for at det kan oppstå skade av noko slag. Dersom arbeidet med søknader og finansiering dreg ut må soknet derfor vurdere å stenge kyrkja grunna usikkerheit i forhold til bruk.

Kostnaden er så langt rekna til 2,1 mill. kroner eks.mva. Det er vanskeleg å rekne alle kostnadene på førehand i eit så spesielt prosjekt og vi må også vera førebudd på følgeskadar undervegs. Soknet har ikkje økonomiske midlar til arbeidet og må søkja Radøy kommune om midlar. Vi har allereie nytta disponible investeringsmidlar for 2014, kr. 250 000, til konsulentrapporatar og arbeid med forslag til oppretting og stabilisering.

## **INNSTILLING**

Soknerådet tar forslaga fra Akasia til etterretning.

Akasia får i oppdrag å utarbeide søknader til Biskopen i Bjørgvin, Riksantikvaren og eventuelt andre for å gjennomføre prosjektet.

Manger kyrkje og delar av gravplassen vert stengt i den grad det er naudsynt for arbeidet med kyrkja.

Radøy sokn søker Radøy kommune om midlar for å dekke investeringa.

Soknerådet må fortløpande vurdere kor vidt det er naudsynt å stenge kyrkja grunna usikkerheit i forhold til bruk.

## MØTEHANDTERING

Karsten Hjertholm og Arne Tveit fra Akasia orienterte om arbeidet med kartlegging og utarbeiding av mogelege løysingar for sikring av Manger kyrkje.

Det vart stilt ein del spørsmål om utføring av avstivingane, kor langt kyrkja kan trekkast tilbake, avgrensing når det gjeld bruk av kyrkja framover, eventuelle skadar på bygget i samband med rettinga og om økonomien i prosjektet.

Manger kyrkje har vore skeiv i mange tiår og bygget har truleg "sett seg" i den stilling det no har. Det kan oppstå problem når ein startar opprettinga som det er vanskeleg å forutsjå. Forsikringar kan dekka ein del av arbeidet knytta til oppdraget, men det er også mykje som ein ikkje kan ta høgde for eller forsikra seg mot.

Når det gjeld det økonomiske var tilbakemeldinga at ein er rimeleg trygg på kostnadsoverslaget på det arbeidet som er sett opp i prosjektet. Som nevnt kan det oppstå følgeskadar som vi ikkje kjenner utfallet av eller kan rekna inn før arbeidet vert sett i gang. Akasia vil utarbeide kontraktsforslag når nødvendige godkjenningar frå biskop og Riksantikvar ligg føre.

## VEDTAK

Soknerådet tar forslaga fra Akasia til etterretning.

Akasia får i oppdrag å utarbeide søknader til Biskopen i Bjørgvin, Riksantikvaren og eventuelt andre for å gjennomføre prosjektet.

Manger kyrkje og delar av gravplassen vert stengt i den grad det er naudsynt for arbeidet med kyrkja.

Radøy sokn søker Radøy kommune om midlar for å dekke investeringa.

Soknerådet må fortløpande vurdere kor vidt det er naudsynt å stenge kyrkja grunna usikkerheit i forhold til bruk.

For Radøy sokneråd, 09.09.2014



Audun Sylta